



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Hermund Mjelstad  
Telefon: 57 65 51 42  
E-post: hm@fmsf.no

Vår dato  
22.12.2010  
Dykkar dato  
03.11.2010

Vår referanse  
2010/15335 - 442.0  
Dykkar referanse

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo

## Endringer i rovviltforskriften - godtgjøringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt

Vi viser til høringsbrev motteke her 08.11.2010. Vi beklagar at vi er nokre dagar etter fristen.

Sogn og Fjordane er ein del av rovviltregion 1, dvs ein region der det ikkje er bestandsmål for nokre av dei fire store rovdyra. Fylket har lenge vore meir eller mindre utan rovdyr, det er først i dei siste 15 åra at rovdyra igjen har blitt vanlegare også her. Frå 2001 og fram til i dag har det vore uttak/felt 42 jerv, ein gaupe og ein bjørn. Av jervane er 6 felt under lisensjakt, ein ved skadefelling og ein ved påstått naudverje. Gaupa vart felt under kvotejakt og bjørnen ved skadefelling. Det er i hovudsak dei indre delane av fylket som oftast får besøk av rovdyr, og tendensen er at førekomst av bjørn aukar.

Fylkesmannen har, i samarbeid med Skogeigarlaget i Sogn og Fjordane, bidrege til at det er oppretta eit fellingslag som skal kunne dekke heile fylket. I 2010 var dette fellingslaget involvert i to fellingsforsøk, på jerv i Luster og på bjørn i Lærdal. Fellingsforsøka ga ikkje resultat. Laget var og ansvarleg ved felling av bjørn i Sogndal i 2008.

### Til høyringa:

Vi er positiv til at det ved fellingsforsøk kan utbetalast godtgjersle frå første dag av skadefellingsforsøket.

Vi har ikkje merknader til endringane i § 9 i rovviltforskrifta.

Til § 9 a. Vi ser ikkje heilt poenget med at deltakarar skal vere registrert lisensjeger. Registreringa inneber ingen krav til kvalifikasjon av jegerane og er etter vår meining difor unødvendig. Lisensjakt er og formelt noko anna enn skadefelling.

Fylkesmannen ser det som eit greitt prinsipp at vi fastset ei budsjetttramme for kvart skadefellingsløyve, med fast sats pr døgn. Vi har ikkje spesielle merknader til om kr 1000,- er for mykje eller for lite pr døgn, men vi vil tru at det ved fellingsforsøk kan bli brukt meir enn 8-timars dag og at kr 1000,- då kanskje kan verke noko knapt. Eit timebasert opplegg vil truleg dekke dei reelle kostnadane betre.

I høve til tal deltakarar og kor lenge fellingsforsøket vil vare vil dette sjølv sagt kunne variere frå sak til sak. Å nytte inntil 5 deltakarar vil vi meine er for knapt og det må vere mogleg for Fylkesmannen å gje opning for bruk av fleire, t.d. inntil 10 deltakarar, eller enno fleire ved spesielle situasjonar/saker. At fellingsforsøket kan vare i 7 dagar er rimeleg som eit utgangspunkt.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 05  
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

For vår del, med eit fylkesdekkande fellingslag, er det naturleg at dette laget fungerer som rekneskapsførande eining, med direkte kontakt til Fylkesmannen.

Ut frå den erfaringa vi har med fellingslag, og kompensasjon for deltakinga, vil vi meine at dette er ei god ordning og den er konfliktdempande også i vårt fylke. Vi ser difor fram til å få ei permanent ordning slik MD no legg opp til.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
ass.fylkesmiljøvernsjef

Hermund Mjelstad  
rådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi pr. e-post: Sogn og Fjordane Skogeigarlag v/Røyrvik